

Skulestruktur Vidaregåande skule

Uttale frå Skjåk ungdomsråd

1. Det å måtte flytte på hybel vil føre til auka kostnadene for familiane, sjølv med stipend.
2. Viktig at ungdomen får vere i bygda og få bygd tilknyting til bygda. Det er viktig for å ville flytte attende til bygda etter fullført utdanning.
3. Reisetid. Det at reisetida blir lang tek mykje av den tid elvane skal bruke på skulearbeid. Det er ikkje alle som greier å arbeide med dette på bussen. Det å flytte på hybel er det ikkje alle som er like klare for. Det er lett å kome i feil, eller därleg miljø. Ein skuledag med reise blir fort 11 timer, dersom ein skal pendle til Otta.
4. I Lom er det eit godt elevmiljø og god kontakt mellom lærarar og elevar. Det er det ikkje lett å få til på større skular. For dei som ikkje har så lett for å vere sosiale, er det viktig at skulen ligg nærmere heimbygda, og at det ikkje blir så langt å reise.
5. Lom vidaregåande er ein stor arbeidsplass som er viktig for både Lom og Skjåk. Det er med å lagar aktivitet for bygdene. Det er viktig for å få folk til å flytte til bygdene våre. Det gjer bygdene attraktive. Og det gjer at fleire vil flytte hit etter fullført skulegang.

xx.06.2024

Skjåk Ungdomsråd

Underskrifter:

Marielle Hva

Anna Sigrun Rander

Johs Bremseth

